



BRØDRENE HJØNNEVÅG AS
Børnes

5463 USKEDALEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	933 31 534	2022/1032-23		09.05.2022

Retting av referat etter møte 02.05.2022

***Utklipp av føresegner frå kommuneplanen som det er vist til i andre avsnitt på side 2 kom ikkje med opphavleg utsending. Dette er difor ei retting for å få det med.**

Referat etter møte - Måndag 2.mai

- Marit Hjønnvåg på vegne av selskapet Brødrene Hjønnvåg AS

- Frå kommunen:

o Natalie Martins Sæberg, avd.leiar byggesak og geodata

o Anne Lise Næs, fung. Avd.leiar plan

o Torill Slåke , fagkoordinator byggesak

- Frafall:

o Rune Helland

o Anbjørn Høivik

Bakgrunn for møte:

Marit Hjønnvåg tok kontakt med saksbehandlar på byggesak per telefon 21.04.2022. Det var på vegne av Brødrene Hjønnvåg AS ønske med møte saman med plan og byggesak. Tema var planarbeid og pågåande byggesak / klagesak.

Følgjande vart lagt fram frå Brødrene Hjønnvåg AS v/Marit Hjønnvåg:

Marit innleiar med å takke for invitasjonen og presisere at ho uttalar seg på vegne av Brødrene Hjønnvåg AS og at det som vert formidla er teke opp i styret.

Brødrene Hjønnvåg AS har ei historie på 75 år og hadde første dag på Børnes 30.november 1983, 5 år etter noverande reguleringsplan vart vedteke. Det var ei større ombygging av bedrifta i 2004 og bedrifta er seinare ISO-sertifisert. Visjonen deira er å vera den beste leverandøren av røykefisk og fiskemat på Vestlandet. For å få dette til så treng dei eit ytre miljø som gir føresetnadar til å produsere trygg mat.

Bedrifta er positiv til utvikling av området, men meiner kommunen no har stilt saka og situasjonen slik at dei ulike interessene ikkje passar inn i same plan. Hjørnevåg AS ønskjer ny plan velkommen, men ser no at tiltak som vert utvikla skjer på bakgrunn av gammal plan, inkludert element frå skissert ny plan. Dette meiner dei ikkje samsvarar med gjeldande plan § 3 der det står:

§ 3

Type verksemd, utføring og plassering skal i kvart einskild høve godkjennast av bygningsrådet, som vil avgjera om verksemdar ein reknar med vil vera til særlege ulemper skal visast til fastsette stader av arealet eller til andre industristrok.

Det vert omtalt at kommunen i 2008 vurderte at sandutskiping frå området ikkje var i samsvar med matproduksjon og difor ikkje kunne tillatast. På same område er det no etablert verksemd som har drive med sprenging og knusing sidan ca 2013. Det har aldri vore omsøkt å drive med denne aktiviteten her. Det vert vist til at det ved hovudvegen er søkt om tiltak som må vente på avklaring i ny plan, sidan det ikkje er samsvar mellom plan og realitet. Samstundes får Eidsvik løyve til trinn 1 og no har trinn 2 til behandling i kommunen. Kommunen starta med planarbeid og Hjørnevåg var med i referansegruppa, men har i seinare tid vorte ekskludert frå denne. Det vert stilt spørsmål ved at Eidsvik sine innspel kjem med òg der dei er sendt inn etter frist. Vidare at kommunen i starten av planarbeidet skreiv at det var eit etablert knuseverk på Børnes, dette er seinare retta opp i.

Det vert opplyst at aktør i området får ta ut stein utan konkrete planar for utvikling utanom det som er lagt fram i strid med gjeldande plan. Hjørnevåg AS etterlyser at kommunen skal sjå heilskapleg på saka, og kallar dagens drift eit pukkverk som søker om litt og litt og slik slepp unna konsesjon, og samanliknar det med at privatpersonar ikkje kan søkje om 10 og 10 m2 dersom den totale planen er i strid med regelverket.

Det vert òg vist til innspel frå Hardanger Rock til plansaka.

Brødrene Hjørnevåg AS vil produsere trygge fiskekaker og ivareta tilsette og nærmiljø på best mogleg måte. Dei er lei for at planarbeidet ikkje er i mål og lei av å bli sett på som den vanskelege parten på Børnes når alt dei etterspør er eit ytre miljø som gjev gode forutsetningar for drift.

Konkret til plankontoret:

Eit tema er kommunen sitt svar ut på eit innsynskrav (sak 2022/3073) som gjeld sak 2019/1179 datert 09.06.20 s.15-17. Her meiner Hjørnevåg at svaret til kommunen er feil og misvisande.

Feilinformasjon blir til sannhet. Det er fleire som har lest og reagert på dette og Brødrene Hjørnevåg AS forventar eit svar konkret på dette og ønskjer at kommunen legg inn rett informasjon i sak 2022/3073.

Støy og støv:

Dette er det verste med tiltaka og har vore eit problem sidan 2013. Hjørnevåg stiller spørsmål om støv og støvmålingar som er framlagte kan reknast som fullgod dokumentasjon. og ein saknar oppfølging av dette. Ho er igjen klar på at alle ønskjer utviklinga, men utfordringa er måten det vert gjennomført på. Ho stiller òg spørsmål ved at administrasjonen har ei anna innstilling til saka no enn ved behandling av trinn 1.

Marit Hjørnevåg ønskjer at kommunen tenkjer over det ho har lagt fram og kallar inn til eit nytt

møte denne veka der ein får tilbakemeldingar frå kommunen. Er Hjørnevåg viktig for kommunen? Vil kommunen bidra til at det skal vere matproduksjon på Børnes i dag? Desse spørsmåla er avgjerande for om firmaet kan sjå ei framtid for seg på Børnes.

Hjørnevåg konkluderte for verksemda sin del at Kvinnherad Kommune ved administrasjon og særleg politikarane har ei plikt på seg til å gje gode forutsetningar i det ytre miljøet slik at Hjørnevåg kan fortsetje å produsere Livsglad mat frå Havet på Børnes, slik dei har gjort sidan 1948.

Hjørnevåg vil at byggesak i klagesaka vurderer inn følgjande:

- at søknaden vert vurdert som ein del av ein heilhet, slik at totalbildet kjem fram med utfordringar rundt dette
- at det er stor skilnad på sprenging av stein og knusing/pigging og lagring av stein
- at det er stor skilnad på nødvendig utsprenging av industriområde, og meir eller mindre kontinuerleg drift av eit pukkverk med sprenging, knusing, pigging og lagring av knuste massar
- at tidsavgrensing av tiltak blir sett i samanheng i heilheten
- at matproduksjon og steinknusing ikkje høyrer saman
- at særleg støv-problematikken vert vurdert tilstrekkeleg
- at utfordringa med at politikarane ikkje har vedtatt ny plan er krevande for området og også denne saka

Hjørnevåg ynskjer at saka blir betre belyst slik at politikarane skjønar at rammevilkåra må på plass slik at eksisterande næringsverksemder, nærmiljø og byggesak får gode rammer i kvardagen sin.

Kommunen:

Kommunen er klar på at det er dramatisk å høyre at det er så ulike interesser i området og at det konkret til klagesaka som skal til behandling er administrasjonen sin jobb å synleggjere problemstillingane og dei ulike omsyna i saka.

Det vert avtalt at kommunen skriv referat frå møte og sender til gjennomlesing. Dette vert vidare lagt på saka og er grunnlag for nytt møte seinare i veka. Kommunen kjem med konkret tilbakemelding på tidspunkt og deltakarar.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

